



Fedje kommune

Innkalling av Formannskapet

Møtedato: 22.04.2021
Møtestad: Slissøyva/Skarvøyna Fedje fleirbrukshal
Møtetid: 17:15 - 18:00

Ekstraordinært formannskapsmøte.

Eventuelle forfall må meldast til ordførar,
med kopi til Dagrūn Gunnarson per tlf. 56165107, sms til 95242371
eller per epost til dagrun.gunnarson@fedje.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
037/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
038/21	Godkjenning av møtebok
039/21	Opsjonsavtalar. Søsterselskapet AS. Stormarkvegen 7, Svena, Torvhaugane og Kremmarholmen

20. april 2021

Stian Herøy
ordførar

Dagrūn Gunnarson
sekretær



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	21/215

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/21	Formannskapet	PS	22.04.2021

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	21/214

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/21	Formannskapet	PS	22.04.2021

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 13.04.2021

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.



Fedje kommune

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 13.04.2021
Møtestad: Digitalt møte på Teams
Møtetid: 17:15 - 20:00

Etter møtet var det første opplæring for valstyret.

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

Møtedeltakarar vara	Parti
Silje Sulen Gullaksen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Annika Tvedt Villanger, Dagrun Gunnarson, Gjermund Hagesæter, Helge Stormoen, Jan Torry Sande, Kristin Handeland, Øyvind Tolleshaug

Sakliste

Saknr	Tittel
016/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
017/21	Godkjenning av møtebok
018/21	Referatsaker
019/21	Delegerte saker
020/21	Delegerte saker teknikk og miljø
021/21	Eigedomskatt på næringsseigedom i Fedje kommune
022/21	Kompensasjonsordning til lokale virksomheter
023/21	Låneopptak av startlån for vidare tildeling
024/21	Status framdrift kjøp av legepraksis
025/21	Leige av kommunal tomt - opsjonsavtale - utsett sak
026/21	Bygging av rom for ØHD ved Fedje sjukeheim
027/21	Sal av kommunale bustader - endring av bustad- og tildelingsreglement
028/21	Vidareføring av "Leve heile livet" i kommunen
029/21	Utviding av faste skjenkeløyve gjeve på delegasjon
030/21	Oppdatering av gebyr for utviding av skjenkeløyve
031/21	Handlingsplan i kulturminneplan
032/21	Fastsetjing av nye satsar for reservasjon og for stell av grav
033/21	Regionalt samarbeid om digitalisering i Vestland - DigiVestland
034/21	Val av leiar og nestleiar til valstyret
035/21	Delegering frå valstyret
036/21	Eventuelt formannskapet 13.04.2021

016/21: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 016/21 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

017/21: Godkjenning av møtebok

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 017/21 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

018/21: Referatsaker

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

Rådmannen orienterte om følgjande:

- oppseiing av fastlegeavtale og kommunelegestillinga. Kjøp av praksis er ikkje avklart.
- kommunen har fått søkt om og fått 3-årig tilskot til å styrke helsesjukepleiartenesta for barn og unge frå juni.

Kamilla Karlsen hadde spørsmål til oppfølging RS 18/21.15. Rådmannen v/ helse- og omsorgssjef

skulle sjå på saka før kommunestyremøtet.

F - sak 018/21 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

019/21: Delegerte saker

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 019/21 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

020/21: Delegerte saker teknikk og miljø

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 020/21 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

021/21: Eiedomsfatt på næringseigedom i Fedje kommune

Formannskapet 13.04.2021

Tilleggsforslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Inn mot budsjettbehandlenga i 2022 vert denne saka teke opp att

Behandling:

Kamilla Karlsen opplyste at ho eig ein liten del i Feddie Distillery. Det same gjeld kona til ordførar Stian Herøy. Begge eig mindre enn 5 %. Formannskapet vurderte at dette ikkje kunne gje grunnlag for å vere inhabil i saka.

Tilleggsforslaget frå Kamilla Karlsen (Ap) vart samrøystes vedteke.

F - sak 021/21 Vedtak:

Kommunestyret presiserer at det i vedtak 099/20 vert skriven ut eiedomsfatt i Fedje kommune for 2021 jf. eiedomsskattelova § 3, **c) berre på kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skattesats: 7 promille.**

Inn mot budsjettbehandlenga i 2022 vert denne saka teke opp att.

Samrøystes vedteke.

022/21: Kompensasjonsordning til lokale virksomheter

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

Delar av rådmannen sitt framlegg har blitt vekke i innstillinga. Vedtaksframlegget er følgjande: Midlane vert lyst ut med fire vekers søknadsfrist i samsvar med dei kriteriane som kjem fram i saksutgreiinga. Når søknadsfristen er ute vert saka utgreidd og lagt fram for endeleg vedtak i Fedje formannskap / Fedje kommunestyre.

Felles endringsframlegg:

- "Insolvent" vert stryke i kriteria.
- Formannskapet avgjer saka.

F - sak 022/21 Vedtak:

Midlane vert lyst ut med fire vekers søknadsfrist i samsvar med dei kriteriane som kjem fram i

saksutgreiinga, med unntak av følgjande: "Insolvent" vert stryke i kriteria. Når søknadsfristen er ute, vert saka utgreidd og lagt fram for endeleg vedtak i Fedje formannskap.

Samrøystes vedteke.

023/21: Låneoptak av startlån for vidare tildeling

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 023/21 Vedtak:

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån på kr 1.000.000,- i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens regler for Startlån.

Rådmannen gis fullmakt til å ta opp lånet og godkjenne lånevilkåra innanfor godkjente lånerammer.

Samrøystes vedteke.

024/21: Status framdrift kjøp av legepraksis

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

Ordførar reiste framlegg om å lukke saka etter kommunelova § 11-5 3.ledd, på bakgrunn av offentleglova § 23 (det offentlege sin forhandlingsposisjon). Samrøystes vedteke. Saka vart behandla i lukka møte i eigen kanal til sist på saklista.

Felles vedtaksframlegg:

Formannskapet ber rådmannen slutføre forhandlingane om kjøp av praksis i tråd med dei drøftingane som vart gjort i møtet, og kome med oppdatert informasjon til kommunestyret i saka.

F - sak 024/21 Vedtak:

Formannskapet ber rådmannen slutføre forhandlingane om kjøp av praksis i tråd med dei drøftingane som vart gjort i møtet, og kome med oppdatert informasjon til kommunestyret i saka.

Samrøystes vedteke.

025/21: Leige av kommunal tomt - opsjonsavtale - utsett sak

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

Rådmannen opplyste i saka at Ole Mælingen har trukke si interesse for dette grunnområdet. Han vil få tilbud om andre alternativ.

Vedtaksframlegg frå Stian Herøy (H):

Feddie Distillery får opsjon på heile gnr. 169 bnr 133. Rådmannen får mynde til å forhandle vilkår for opsjonen med bedrifta.

Formannskapet ber om at det vert halde nytt formannskapsmøte før kommunestyret 22.04.21.

F - sak 025/21 Vedtak:

Feddie Distillery ved eigedomsselskapet får opsjon på heile gnr. 169 bnr 133. Rådmannen får mynde til å forhandle vilkår for opsjonen med bedrifta.

Samrøystes vedteke.

026/21: Bygging av rom for ØHD ved Fedje sjukeheim

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 026/21 Vedtak:

Planan med bygging av ØHD-rom vert gjennomført som skildra i saksutgreiinga. Kostnaden på 450.000,- kr + mva vert finansiert over disposisjonsfondet.

Samrøystes vedteke.

027/21: Sal av kommunale bustader - endring av bustad- og tildelingsreglement

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 027/21 Vedtak:

Punkt nummer 5 i bustad- og tildelingsreglement vert endra til teksten under:

5. Reglar for sal av kommunale bustader:

Sal av kommunal bustad bør ikkje medføra at nokon vert pressa ut av bustader dei bur i.

Det er ønskjeleg å selja ein bustad pr år i snitt dei neste tre åra.

I første omgang skal kun bustader som er eldre enn 15 år vurderast for sal.

Leigetakarar som har budd i same kommunal bustad i meir enn ti år skal først få tilbod om kjøp av bustaden dei bur i. Dei får tilbod om kjøp til ein fast vedteken pris som samsvarar med nyleg halden takst.

Etter at tilbod til leigetakarar som har budd i kommunal bustad i meir enn ti år er vurdert, vert inntil tre andre ledige kommunale bustader lagt ut for sal. Bustadane skal seljast til høgaste bod. Ingen bustader vert seld under 95% av nyleg halden takst.

Kommunen tek kvar førespurnad om kjøp av bustad som ei enkeltsak, og vurderer salet utifrå normene over.

Samrøystes vedteke.

028/21: Vidareføring av "Leve heile livet" i kommunen

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

Felles endringsframlegg:

3.avsnitt vert endra til: Formannskapet ber om at saka kjem opp som gruppearbeid i kommunestyret i junimøtet.

F - sak 028/21 Vedtak:

Fedje kommune ynskjer ein vidare dialog med innbyggjarane rundt desse spørsmål for å kunne si noko om kva desse anser som viktigst for å auka livskvalitet. Fedje kommune ynskjer vidare at svar på

desse spørsmål vert tatt med i vidare arbeid med kommunale planarbeid.

Fedje kommune er einig i satsingsområdene og ynskjer at desse vert vidare utvikla i pleie og omsorgsplanen og andre planar.

Formannskapet ber om at saka kjem opp som gruppearbeid i kommunestyret i junimøtet. Samrøystes vedteke.

029/21: Utviding av faste skjenkeløyve gjeve på delegasjon

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 029/21 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

030/21: Oppdatering av gebyr for utviding av skjenkeløyve

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 030/21 Vedtak:

Den andre setninga under punkt 9 i retningsliner for ambulerande skjenkeløyve og løyve for enkelthøve i Fedje kommune vert oppdatert til følgjande: Gebyr for utviding av det faste skjenkeløyvet er kr. 800 frå og med 23.04.2021.

Samrøystes vedteke.

031/21: Handlingsplan i kulturminneplan

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 031/21 Vedtak:

Handlingsplan i kulturminneplanen vert vedteken slik den føreligg no.

Samrøystes vedteke.

032/21: Fastsetjing av nye satsar for reservasjon og for stell av grav

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 032/21 Vedtak:

Fedje kommune godkjenner nye satsar for stell av grav og for reservasjon av grav som Fedje sokneråd / fellesråd tilrådde i møte 1/12-20. Nye satsar gjeld frå 1/1-21.

Samrøystes vedteke.

033/21: Regionalt samarbeid om digitalisering i Vestland - DigiVestland

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 033/21 Vedtak:

Fedje kommune vert ikkje med i samarbeidet «Digi Vestland» ved dette høvet.

Samrøystes vedteke.

034/21: Val av leiar og nestleiar til valstyret

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

Framlegg til vedtak Kamilla Karlsen (Ap):

Ordførar vert vald til leiar av valstyret i Fedje kommune og varaordførar til nestleiar, i inneverande valperiode.

F - sak 034/21 Vedtak:

Ordførar vert vald til leiar av valstyret i Fedje kommune og varaordførar til nestleiar, i inneverande valperiode.

Samrøystes vedteke.

035/21: Delegering frå valstyret

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

F - sak 035/21 Vedtak:

Valstyret vedtek å velje eige røystestyre. Sekretæren legg fram forslag til røystestyre og røystemottakarar, på møtet i formannskapet 08.06.2021

Tidlegrøysting finn stad etter avtale, i lokala til Fellestenester i Kalvedalen 1. Kvardager 0900-1500 frå 1.juli til 9.august.

Førehandsrøysting vert i lokala til Fellestenester i Kalvedalen 1. Kvardagar 0900-1500. I tillegg to siste moglege laurdagar før valet, opningstid 11-13.

Det vert røysting på institusjon på Fedje sjukeheim onsdag eller torsdag siste veke før valet – kl. 10-

12. Sekretær fastsett dag etter avtale med pleie og omsorg.

Valtinget vert i Fedje fleirbrukshall. Opningstid kl. 10-20. Tre skift med 4 personar på kvart.

Oppteljingsstad: Fedje fleirbrukshall. Oppteljinga vert strima.

Valstyret sin sekretær får fullmakt til å avgjere evt søknader om å røyste heime og sette frist for når slik søknad må kome inn.

Søknad om innføring i manntal: Kurante saker vert delegert til valstyret sin sekretær for å løpande kunne oppdatere manntalet og sende melding til den det gjeld.

Godkjenning av førehandsrøystegjeving: Kurante saker vert delegert til valstyret sitt sekretariat/forhandsrøystemottakarar for å løpande kunne oppdatere manntalet.

Alle kunngjeringsar vert delegert til sekretær valstyret.

Utlegging av manntal vert delegert til sekretariat for valstyret.

Samrøystes vedteke.

036/21: Eventuelt formannskapet 13.04.2021

Formannskapet 13.04.2021

Behandling:

Kamilla Karlsen (Ap) stilte spørsmål om korleis rutineane til kommunal kriseleiing er knytt til informasjon til innbyggjarane i endringar i nasjonale reglar og lokale tiltak. Ordførar orienterte om saka.

F - sak 036/21 Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug		21/220

Saksnr	Utval	Type	Dato
039/21	Formannskapet	PS	22.04.2021
	Kommunestyret	PS	

Opsjonsavtalar. Søsterselskapet AS. Stormarkvegen 7, Svena, Torvhaugane og Kremmarholmen

Vedlegg:

Opsjonsavtale Kremmarholmen
Opsjonsavtale Svena
Opsjonsavtale Torvhaugane
Opsjonsavtale Posten
Kart Kremmarholmen
Kart Svena
Kart Torvhaugane
Kart Posten

Saksutgreiing:

Det har ved fleire høve vore samtalar mellom Feddie Distillery AS og Fedje kommune om kjøp av ulike kommunale eigedomar. Det har vore drøfta både konkrete avalar og rett til å kjøpa for Feddie Distillery AS.

Ein rett til å kjøpa men ikkje ein plikt, vert kalla ein opsjon.

Både for Fedje kommune og Feddie Distillery AS er det ønskjeleg av avtalane vert konkretiserte og gjort skriftlege. Feddie Distillery AS har bede om at dei skriftlege opsjonsavtalane vert mellom Søsterselskapet AS og Fedje kommune.

Avtalane gjeld areal ved Kremmarholmen (del av 169/133), areal på Svena (del av 168/343), tre tomter i bustadfeltet Torvhaugane (del/delar av 169/199) og Stormarkvegen 7 (posten). Areal avtalane gjeld, er synt på kart.

Felles for dei fire avtalane er at opsjonane er gratis.

Felles for avtalane om Kremmarholmen, Svena og Torvhaugane er at tomteprisen er sett til 30 kr/m² pluss 300 kr pr meter strandlinje.

Tretti kr/m² er prisen som lagmannsretten sette ved oreigning av areal i Torvhaugane. Denne prisen har Fedje kommune nytta sidan ved sal. Prisen på strandlinje på 300 pr meter vart nytta i 2019 ved sal av eigedomen ved Uthaugundet. (Lagmannsretten sette ikkje nokon pris for strandlinje.)

Felles for for avtalane om Kremmarholmen, Svena og Posten, er at Søsterselskapet AS må



Fedje kommune

gjennomføra kjøpet innan 1. juni 2022 (10. august 2022 for Svena).

Opsjonsavtalen for Torvhaugane bygger på vedtaket kommunestyret har gjort om vilkår ved sal av tomter. Etter kommunestyrevedtaket om sal av tomter, må kjøpar ta tomte i bruk innan to år etter kjøpekontarkt er underskriven. Slik er det og i opsjonsavtalen som ligg føre no. I tillegg får Søsterselskapet AS ein frist på 4 år fram til 1. juni 2025 for å kjøpa tomte/tomtene.

Felles for Kremmarholmen og Svena er at kjøpar betalar for deling og oppmåling. For Torvhaugane har kommunestyret tidlegare gjort vedtak om at Fedje kommune betalar for deling og oppmåling. Slik vert det i opsjonsavtalen for Torvhaugane og. For Posten må kommunen gjera ein ryddejobb med eigedomsgrensene før eit sal, slikt at det er klårt kva vil sel. Denne kostnaden tek kommunen.

Dei fire opsjonsavtalane har vore lagt fram for Feddie Distillery AS. Det er semje om avtalane for Svena, Torvhaugane og Kremmarholmen. For Stormarkvegen 7 (posten), er det ikkje semje.

Administrasjonen har gjort framlegg om sal til takst. Om dette skriv Feddie Distillery AS:

Avtale om opsjon slik den ligg føre kan ikkje inngås. Slik vi har forstått kommunen når vi har hatt dialogmøter, er at kommunen ikkje har fond eller andre økonomiske insentiv ved selskapsetablering, anna enn å tilby tomt og eigedom til ein symbolsk sum. Det er ikkje aktuelt for oss å ta over huset til takst. Vi ønskje eit nytt tilbod på denne opsjonen.

For administrasjonen er det vanskelig å ikkje selja til takst, når dette er framlegget i saka som no skal opp i kommunestyret om reglar ved sal av kommunale bustader.

Forslag til vedtak:

Opsjonsavtaler om sal av tre tomter i Torvhaugane, areal på Svena, areal ved Kremmarholmen og Stormarkvegen 7 (posten) til Søsterselskapet AS, vert vedtekne. Avtalane med kart, ligg ved.

16. april 2021

OPSJONSAVTALE

Partar : Fedje kommune (seljar) og Søsterselskapet AS (kjøpar).

Avtalen gjeld rett til å kjøpa del av gnr. 169, bnr. 133 på **Kremmarholmen**.

Arealet avtalen gjeld er synt på kart som ligg ved og er på 2293 m².

Retten til å kjøpa gjeld til 1. juni 2022. Innan denne dato må kjøpar ha skrive under kjøpekontrakt.

Prisen er 30 kr/m² pluss 300 kr pr meter strandlinje. Denne prisen vert ikkje regulert.

Kjøpar betalar tilknytningsavgift for vatn og kloakk etter dei reglar som gjeld på tidspunkt for tilkopling.

Kjøpar betalar for søknad om deling og oppmåling. Fedje kommune leverer skøytet til kjøpar klart for tinglysing når kjøpesummen er betalt. Dersom kjøpar må nytte meklar for å få betalt kjøpesummen, er denne kostnaden kjøpar sitt ansvar. Kjøpar betalar gebyr for tinglysing av skøytet.

Kommunen vil selja tomta med rett til å kjøpa ho attende dersom sjølve tomta ikkje er teken i bruk to år etter at skøyte er tinglyst. Kommunen må nytta denne retten innan fire år etter at skøytet er tinglyst. Kjøpesummen er då den same som kommunen selde for. Dersom kjøpar ikkje tinglyser skøytet eller tida dreg ut før skøytet vert tinglyst, gjeld den dagen kommunen sende skøytet til kjøpar plus 2 månader, som tinglysingsdato.

Teken i bruk tyder at grunnmurar eller fundament til minimum 4 bygg må vera oppført.

Over arealet går det ei høgspenline. Eventuell omlegging av denne er kjøpar sitt ansvar.

Om lag 77 meter vest for grensa mot bnr. 138 kryssar både vass- og kloakkleidningar arealet opsjonen gjeld. Desse kan ikkje flyttast eller byggast over.

for seljar

for kjøpar

16. april 2021

OPSJONSAVTALE

Partar : Fedje kommune (seljar) og Søsterselskapet AS (kjøpar).

Avtalen gjeld rett til å kjøpa del av gnr. 168, bnr. 343 på **Svena**.

Arealet avtalen gjeld er synt på kart som ligg ved og er på 1973 m².

Retten til å kjøpa gjeld til 10. august 2022. Innan denne dato må kjøpar ha betalt for tomta.

Prisen er 30 kr/m² pluss 300 kr pr meter strandlinje. Denne prisen vert ikkje regulert.

Kjøpar betalar tilknytningsavgift for vatn og kloakk etter dei reglar som gjeld på tidspunkt for tilkopling.

Kjøpar betalar for søknad om deling og oppmåling. Fedje kommune leverer skøytet til kjøpar klart for tinglysing når kjøpesummen er betalt. Dersom kjøpar må nytte meklar for å få betalt kjøpesummen, er denne kostnaden kjøpar sitt ansvar. Kjøpar betalar gebyr for tinglysing av skøytet.

Kommunen vil selja tomta med rett til å kjøpa ho attende dersom sjølve tomta ikkje er teken i bruk to år etter at skøyte er tinglyst. Kommunen må nytta denne retten innan fire år etter at skøytet er tinglyst. Kjøpesummen er då den same som kommunen selde for. Dersom kjøpar ikkje tinglyser skøytet eller tida dreg ut før skøytet vert tinglyst, gjeld den dagen kommunen sende skøytet til kjøpar plus 2 månader, som tinglysingsdato.

Teken i bruk tyder at grunnmur eller fundament til eit bygg må vera oppført.

Arealet avtalen gjeld, må ha lovleg tilkomst for å verta frådelt. Denne tilkomsten må skje over gnr. 168, bnr. 11 og gnr. 168, bnr. 10 fram til vegen Rognsvågen. Retten til å kjøpa trer først i kraft når kjøpar er heimeshavar til dei aktuelle parsellane av gnr. 168, bnr. 11 og gnr. 168, bnr. 10.

for seljar

for kjøpar

16. april 2021

OPSJONSAVTALE

Partar : Fedje kommune(seljar) og Søsterselskapet AS (kjøpar).

Avtalen gjeld rett til å kjøpa inntil 3 tomter i bustadfeltet **Torvhaugane** eller del av gnr. 169, bnr. 199. Kjøpar kan kjøpa ein, to eller alle tre tomtene.

Arealet avtalen gjeld er synt på kart som ligg ved og er på $1246 + 1230 + 1095 = 3571$ m².

Retten til å kjøpa gjeld til 1. juni 2025. Innan denne dato må kjøpar ha betalt. Prisen er 30 kr/m². Denne prisen vert ikkje regulert.

Kjøpar betalar tilknytningsavgift for vatn og kloakk etter dei reglar som gjeld på tidspunkt for tilkopling.

Kjøpar betalar 656.000,- kr for opparbeiding av veg, vatn og kloakk for kvar tomt. Summen vert justert i samsvar med konsumprisindeksen. Grunnlag : indekstal for januar 2016.

Fedje kommune betalar for oppmåling for kvar tomt. Fedje kommune leverer skøytet til kjøpar klart for tinglysing når kjøpesummen er betalt. Dersom kjøpar må nytte meklar for å få betalt kjøpesummen, er denne kostnaden kjøpar sitt ansvar. Kjøpar betalar gebyr for tinglysing av skøyte.

Kommunen vil selja tomta/tomtene med rett til å kjøpa ho/dei attende dersom sjølve tomta ikkje er teken i bruk to år etter at skøyte er tinglyst. Kommunen må nytta denne retten innan fire år etter at skøytet er tinglyst. Kjøpesummen er då den same som kommunen selde for. Dersom kjøpar ikkje tinglyser skøytet eller tida dreg ut før skøytet vert tinglyst, gjeld den dagen kommunen sende skøytet til kjøpar plus 2 månader, som tinglysingsdato.

Teken i bruk tyder at grunnmur eller fundament må vera oppført.

for seljar

for kjøpar

14. april 2021

OPSIJONSAVTALE

Partar : Fedje kommune (seljar) og Søsterselskapet AS (kjøpar).

Avtalen gjeld rett til å kjøpa Stormarkvegen 7. Dette er ein bustad i 2 etasjar. I kjellaren var det tidlegare postkontor.

Fedje kommune eig naboeigedomen mot sør og vest. Dette er bnr. 18. Bustaden med hage er bygd på tre gnr/bnr : 168/57, 168/135 og 168/169. Fedje kommune vil før eit eventuelt sal slå saman dei tre eigedomane og laga matrikkelbrev for den samanslåtte eigedomen. Arealet som følgjer med eigedomen ved eit sal, er difor synt på kart som ligg ved og er på 288 m².

Retten til å kjøpa gjeld til 1. juni 2022. Innan denne dato må kjøpar ha betalt for eigedomen.

Fedje kommune sel eigedomen til takst. Fedje kommune vel takstmann. Utgifter til takst vert delt mellom kjøpar og seljar. Dette gjeld sjølv om det ikkje vert noko av salet.

Fedje kommune leverer skøytet til kjøpar klart for tinglysing når kjøpesummen er betalt. Dersom kjøpar må nytte meklar for å få betalt kjøpesummen, er denne kostnaden kjøpar sitt ansvar. Kjøpar betalar gebyr for tinglysing av skøytet.

for seljar

for kjøpar


X 6746300

X 6746200


X 6746100


Y 266400

Y 266




Fedje kommune
16.04.2021
Målestokk 1:1000





Fedje kommune
 16.04.2021
 Målestokk 1:1000



288 m2



Fedje kommune
16.04.2021
Målestokk 1:250